



Statens vegvesen - Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 20.08.2015  
Vår ref.: 2014/17253-11  
Saksbehandlar: pernord1  
Dykkar ref.: 2013/039275-104

## Fråsegn til melding om utviding av planområdet for Skredsikring E16 Nærøydalen - Statens vegvesen

Vi viser til brev datert 02.07.2015 om utviding av planområdet planarbeidet: Skredsikring E16 Nærøydalen. Føremålet er å inkludera eit areal som gjer det mogeleg å etablera ny adkomstveg til Sleen og Tveito.

Hordaland fylkeskommune vurderer planutvidinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

#### Relevante planfaglege innspel

Hordaland fylkeskommune ser utviding av planområdet som eit viktig og naudsynt tiltak og har ikkje merknader til at planområdet vert utvida slik det er vist i kart.

#### Kulturminne

Planutvidinga er i eit område der det ikkje er kjent automatisk freda kulturminne. Potensialet for å finna kulturminne er til stades då området ligg solvendt og nær opp til områda som i førhistorisk tid har vore sentrale.

I samband med ei undersøking av massedeponi er det påvist fleire funn sør for vegen og fornminne er alt kjent ved tunområda lenger vest. Me varslar difor at det vil verta stilt krav om arkeologiske undersøkingar jf. kulturminnelova §9.

Me har vore dialog med Statens vegvesen som ynskjer at dette skal verta gjort alt i år. Me vil slik legge trykk på å få denne undersøkinga gjort så snart som råd er.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune har ikkje merknader til at planområdet vert utvida, men stiller krav om arkeologiske undersøkingar i det utvida planområdet.

Marit Rødseth  
plansjef

Per Nordmark  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Saksbehandlar:

Per Nordmark, planseksjonen, regionalavdelinga

Jostein Aksdal, fylkeskonservatoren

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland